
Saksnr: 2020/44342-6
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet		28.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Økonomiplan 2021-2024 - Investerings- og driftsrammer

Forslag til innstilling

Finansutvalet innstiller følgjande til fylkesutvalet:

1. Fylkestinget legg til grunn gjeldsgrad på 115 % som utgangspunkt for rammene i investeringsprogrammet.
2. Fylkestinget legg for den vidare budsjettprosessen til grunn slike rammer for investeringsbudsjettet:

Investeringsrammer 1000 kr	2021	2022	2023	2024
SUM	5 700 204	5 343 438	4 031 028	3 391 229

3. Fylkestinget legg til grunn slike sektorrammer i økonomiplanperioden:

	Budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
Sum sektornivå	8 876 634	8 688 634	8 645 634	8 528 634	8 506 634

Forslag til vedtak:

1. Finansutvalet tek orienteringane i Arbeidsdokument 2/20 om utviklinga i 2020 og økonomiske utfordringar i planperioden til vitande.
2. Finansutvalet legg til grunn oversyna i Arbeidsdokument 2/20 som gjeld skatt/rammetilskot, kapitalutgifter/-inntekter og konsesjonskraft som føresetnader for den vidare budsjettprosessen

Vedlegg:

Arbeidsdokument 2/20 Økonomiplan 2021-2024

Notat: Møtelege løysingar for Laksevåg og Bergen maritime vgs og Fagskulen i Hordaland

Notat: Opplæringsfartøy Måløy vgs

Tilleggsnotat til arbeidsdokument 2/20

Samandrag

Fylkesrådmannen har i arbeidsdokument 2/20 lagt fram eit utgangspunkt for budsjettprosessen for 2021 og økonomiplanperioden 2021-2024. Arbeidsdokumentet er delt inn i ein investeringsdel og ein driftsdel. Hovudutvala har hatt arbeidsdokumentet til uttale og utvala sine merknader ligg ved denne saka.

Kommuneproposisjonen vart lagt fram 12. mai, etter at arbeidsdokumentet var lagt fram for hovudutvala. Fylkesrådmannen har utarbeidd eit tilleggsnotat om verknader for Vestland fylkeskommune ein kan finna i proposisjonen. Tilleggsnotatet ligg ved saka.

Fylkesrådmannen har i forslaga til innstilling til fylkestinget lagt vekt på at arbeidsdokumentet gjev oversyn over rammene for investering og drift. I den vidare budsjettprosessen må rammene spesifiserast fram mot endeleg budsjettvedtak på fylkestinget i desember.

Fylkestinget si handsaming av økonomiplan og investeringsrammer i denne saka er lagt fram som eit utgangspunkt og grunnlag for det vidare budsjettarbeidet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

I arbeidsdokument 2/20 har fylkesrådmannen fokus på følgjande:

- Innleiing

- Utgangspunkt for økonomiplan 2021-2024
- Utviklinga i 2020
- Økonomiske utfordringar i planperioden

- Investeringsbudsjett

- Utgangspunkt for 2021- 2024
- Gjeldsgrense
- Reduksjonar i gjeldsnivå
- Finansiering
- Føresetnader for justering av investeringsnivå
- Investeringsbudsjett 2021-2024

- Rammevilkår for driftsbudsjettet

- Frie inntekter - skatt og rammetilskot
- Kapitalutgifter/ kapitalinntekter
- Kongsjonskraftinntekter

- Driftsbudsjett

- Utgangspunkt og rammejustering
- Sektorbudsjett og rammereduksjon på 100 mill. kr
- Oversyn over sektorane
- Koronapandemien etter 2020
- Administrativt effektiviseringsprogram
- Utgreiingsområde
- Oppsummering av driftsdelen i økonomiplanen

Arbeidsdokumentet er vedlagt saka.

Fylkesrådmannen har i arbeidsdokument 2/20 lagt fram eit utgangspunkt for budsjettprosessen for 2021 og økonomiplanperioden 2021-2024. Arbeidsdokumentet er delt inn i ein investeringsdel og ein driftsdel. Hovudutvala har hatt arbeidsdokumentet til uttale og utvala sine merknader ligg ved denne saka.

Kommuneproposisjonen vart lagt fram 12. mai, etter at arbeidsdokumentet var lagt fram for hovudutvala. Fylkesrådmannen har utarbeidd eit tilleggsnotat om verknader for Vestland fylkeskommune ein kan finna i proposisjonen. Tilleggsnotatet ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak om økonomiplan.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Viktig dokument for økonomutviklinga i fylkeskommunen

Klima: Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima

Folkehelse: Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse

Regional planstrategi: Regional planstrategi er ein viktig premis for tiltak i økonomiplanen